

LINDÅS KULTURRÅD

11.04.18

Rådmannen
Lindås kommune
5914 Isdalstø

AD. ORGANISERING NYE ALVER KOMMUNE

Styret i Lindås kulturråd er kjent med forslag til organisering av nye Alver kommune og er svært tilfreds med at «KULTUR» er organisatorisk plassert i *Samfunnsutvikling*.

Imidlertid ser vi at «Kulturskulen» er sett inn på kartet under «Oppvekst», med merknad om at det skal vera ein prosess rundt dette.

Å skilja kulturskulen frå den øvrige kulturetat ser vi på som svært uheldig. Kulturskulen er ein integrert del av det ordinære kulturlivet i kommunen og bør difor leggjast i/under kultur i Samfunnsutvikling.

Vi vil trekkja fram nokre argument for dette:

- a) Kulturskulen er ein motor/pådrivar og utviklar i det ordinære kulturlivet
- b) Kulturskulen bidreg med lærekrefter både til born/unge og vaksne i kulturlivet, for eksempel med dirigentar m.v.
- c) Kulturskulen sine elevar og lærarar vert ofte brukt i det ordinære kulturlivet
- d) Kulturskulen har pr. i dag elevar opp til 20 år, mens grunnskulen har lågare aldersgrense.

Ut frå dette ber vi om at all kultur vert lagt under same organisatoriske eining.

Med venleg helsing
For Styret i Lindås kulturråd

Einar Vatne
Leiar

Kopi til:

1. Ordføraren i Lindås
2. Ass.rådmann Hogne Haugsdal
3. Kultursjef Øyvind Stang